



KYSTHOSPITALET I HAGEVIK

Kirurgisk behandling av rift i skuldra sin senemansjett

Denne foldaren inneheld informasjon til pasientar som skal få utført ein rotatorcuff rekonstruksjon/reparasjon. Sjå i tillegg foldar med generell informasjon om dagkirurgi på sjukehuset.

Generelt om reparasjon av skuldra sin senemansjett (rotator cuff)

Skuldra sitt ledd mellom overarmsbeinet og skulderbladet blir for ein stor del støtta av skuldersenemansjetten: rotator cuff.

Rift i rotator cuff er vanleg med aukande alder, og så mange som 1 av 3 har i høg alder ei slik rift med større eller mindre plager av den.

Rifta er vanlegvis til stor plage for dei som får den etter stor belastning/skade i yngre år, mens den ved aukande alder kan oppstå etter mindre belastning og kan være fra svært smertefull til ikkje smertefull i det heile.

Ein kjenner ikkje årsaka til denne variasjonen fra pasient til pasient.

For dei fleste blir det derfor ei avveging mellom plager fra rifta og risiko/ubehag ved operativ behandling. Dei fleste kan lindras ved operasjon, men i varierende grad.

Operasjon

Operasjon blir gjort i narkose ofte supplert med bedøving fra halsgropa og ut i aktuelle arm (plexus brachialis lednings anestesi), og er som regel utført som **dagkirurgi**.

Kikkholsteknikk blir benytta. Rifta blir behandla i den grad senevevet gjer det mogleg, og ein kan nokre ganger ikkje utføre reparasjon i det heile tatt eller berre ein delreparasjon. Som regel lar senevevet seg sammenføya og feste tilbake til det beinfestet det naturlig hadde.

Til dette nyttar ein små skruer med trådfeste som blir sett fast i beinet. Desse millimeter-små skruane held tråden og senen sydd til tråden, fast mens senen gror fast i beinet. Dette tar minimum 6 veker.

I denne perioden må pasienten avlaste armen med fatle for å hindra aktive rørsler.

Ved hjelp av den andre armen eller ein terapeut, kan ein likevel bevege

skuldra umiddelbart etter operasjonen. Tidlige øvingar vil førebygge at skuldra blir stiv etter operasjonen, og er avgjerande for eit godt resultat.

Etterbehandling

Ved utreise får pasientane med resept på smertestillande tablettar (**se dette**), fysioterapi-henvisning og sjukemelding som varierer i lengde etter pasienten sin arbeidssituasjon. For dei med lettare fysisk arbeid, vil det vere vanleg med 2 månader sjukemelding, for dei som ikkje kommer seg så raskt den første tida etter operasjonen og/eller i tillegg har tungt, manuelt arbeid, kan sjukemeldinga bli opptil 12 månader.

Det vil vanlegvis vere sting (tråd/sutur) i huda som skal fjernast etter 8-10 dagar.

Kontroll 6 veker etter operasjonen hos legen som har operert, og etter behov kontroll 6 månader og/eller 12 månader etter operasjonen.

Prognose/resultat

80-90 % får tilfredsstillande smertelindring slik at dei ville valt operasjon om dei fekk valet på ny, og vil anbefale andre i same situasjon operasjonen.

50-60 % får tilbake krafta i skuldra slik den var eller nær slik den var før skade.

Pasientar over 70 år har 50 % eller mindre sannsyn for tilheling.

Vidare informasjon

Dei som lesar engelsk kan finna meir informasjon på nettsida www.Shoulderdoc.co.uk.

Før ein operasjon, vil alle pasientane bli vurdert av den som opererer og vil få munnleg forklaring på forholda omkring operasjon og tida etter. Det vil da også vere mogleg til å ta opp spørsmål.



Adresse Hagaviksbakken 25, 5217 Hagavik
Sentralbord 56 56 58 00

www.kih.no